



Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Teams

Dato: 27.01.2026

Tidspunkt: 10:00 - 11:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Hege Lothe	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune
Andreas Wollnick Wiese	Leiar	Luster kommune
Stine Fjellkårstad	Nestleiar	Stryn kommune

Følgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Ove Ølmheim	Medlem	Sogndal kommune

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn

Tor Arne Hauge

Trygve Snøtun

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Andreas Wollnick Wiese

Hege Lothe

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/26	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 3/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - møteplan 2026		2025/18173
ST 4/26	Høyring - oppstart av arbeid med kommunedelplan for masselager - Stryn - Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger		2026/887
ST 5/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 1/2026		2025/16018

ST 1/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.01.2026

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste,
Samrøystes vedteke.

ST 2/26 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.01.2026

Handsaming i møte

Hege Lothe vart føreslege til å skrive under protokoll i lag med med styreleiar.

Vedtak

Hege Lothe vart vald til å skrive under protokoll i lag med med styreleiar.
Samrøystes vedteke.

ST 3/26 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - møteplan 2026

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.01.2026

Handsaming i møte

Sekretariatet la fram forslag om møteplan for styret i 2026.

Vedtak

Møteplanen vart vedteke i tråd med innstilling frå forvaltarane.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha jamlege møte i 2026 for å handsame saker som kjem inn og følgje opp tiltak i nasjonalparken. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte avlysast eller utsetjast. Ved hastesaker kan det gjennomførast ekstra styremøte innimellom dei planlagde møta. Styret avgjer om nokre av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Møteplan 2025:

- 27. januar Digitalt styremøte
- 3. mars Gloppen Bestillingsmøte 2
- 8.-9. juni Stryn Møte og synfaring
- 17.-19. august Fjærland/Jostedal Møte og studietur med styret for Folgefonna
- 20. oktober Skei Styremøte m/dialogmøte med rådgjevande utval
- 1. desember Stryn Bestillingsmøte 1

Samrøystes vedteke.

ST 4/26 Høyring - oppstart av arbeid med kommunedelplan for masselager - Stryn - Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.01.2026

Handsaming i møte

Sekretariatet orienterte om saka og la fram forslag til uttale til Statens vegvesen.

Vedtak

Forslag til uttale vart vedteke i tråd med innstilling frå forvaltarane.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender inn fylgjande merknad til Statens vegvesen:

Viser til høyring ved oppstart av arbeid med kommunedelplan – Rv. 15 strynejellet med arm til Geiranger, masselagre i Stryn kommune. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ser at planområde 2 Hjellane ligg delvis inne i nasjonalparken. Dette er i strid med verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Deponering av steinmassar er ikkje eit tiltak av «vesentleg samfunnsinteresser», jf. § 48 i naturmangfaldlova, og ein kan dermed ikkje gje dispensasjon frå verneforskrifta. Det vil generelt heller ikkje vere opning for å dispensere frå ei verneforskrift så lenge det finst alternative deponiløysingar.

Nasjonalparkstyret tilrår difor at område for masselagring ved Hjellane i Sunndalen vert teke ut av planen og ikkje arbeidd vidare med.

Samrøystes vedteke.

ST 5/26 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 1/2026

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.01.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Styret tok orienteringa til vitande.

